



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



Foto: Egil Michaelsen

HALA
(Ramsøy nord, Kleivlia og Høgbakkan)

SURNADAL KOMMUNE

Høyringsfrist 15.04.2024

2022/1925

2022/1926

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2024 var/er om lag 5,3 % av skogarealet og ca. 4,0 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*eit representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvern- styresmaktene også vurdere tilbudet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilbodet

Statsforvaltaren har motteke tilbud om frivillig skogvern på to nærliggande område i Todalen i Surnadal kommune. Det eine området omfattar gbnr 138/1, 139/1, 2, 3, 4 og 5, heretter kalla Ramsøy Nord og Kleivlia. Det andre området omfattar gbnr 139/1, 2, 3, 4 og 5, heretter kalla Høgbakkan. Tilboda vert framsett av ALLSKOG SA den 04.04.2022.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på kartlegging av naturtypar i området, gjennomført av Miljøfagleg utredning i 2014 (*Gaarder, G. & Hanssen, U. 2015. Supplerande naturkartlegging i Surnadal kommune i 2014. Miljøfaglig Utredning Rapport 2015-02:1-31 + vedlegg, ISBN 978-82-8138-752-2*).

ALLSKOG skal taksere skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang. Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosess for området i brev av 15.01.2024.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

Naturfaglege registreringar

Ramsøy Nord og Kleivlia:

I naturbase er det registrert tre lokalitetar med rik edellauvskog og ein lokalitet med gamal fattig edellauvskog som dekkjer store delar av tilbodsområdet. Dei to største lokalitetane er kategorisert som svært viktig.

Her følgjer ei oversikt over dei kartlagte lokalitetane som ligg innafør tilbodsområdet:

- Ramsøy nord (BN00099362) ligg vest i området og er registrert som rik edellauvskog av svært viktig verdi. Den vert omtala slik i naturbase:

«Lokaliteten ligg inne i Todalen, i den sørvendte lia noko nord for garden Ramsøya, Den vert avgrensa av eit granplantefelt og mykje platanlønn i vest (samt dels fattigare skog der), granplantefelt også i aust, medan det er noko fattigare og meir påverka skog i sør og litt usikker grense mot eldre, men fattigare skog i nord. Det er innslag av både ein bekk og i aust små bergvegger.

I austre delar er det ein del rik lågurtskog. Nær bekkjen kjem det dels inn stabilisert, open ur og dels noko meir høgstaudeprega vegetasjon. På vestsida av denne att på ny mest litt svak lågurtskog før ein kjem borti eit område med berre blokkmark med stadvis rik lågurtskog. I sørvest noko frodig høgstaudeskog og i nordvest gradvis overgang mot svakare høgstaudeskog og dels lågurtskog.

Alm (EN) finst med spreidde tre, men nokså sparsamt. Hassel er stadvis vanleg og det same gjeld boreale treslag som bjørk, rogn, selje og ein del gråor, samt meir lokalt osp og furu (særlig litt vest for bekkjen). Feltsjiktet er stadvis noko rikt, og lokalt med artar som breiflangre, kjempesvingel, myske, småborre (nær bekkjen), skogfaks (i vest) og skogbjørnebær (heilt i vest). På gamle almetre vart det gjort nokre funn av almelav (NT), narrepiggssopp (NT), bleikdoggnål

(NT) og heilt i vest også blådoggnål (VU). Elles artar som lungenever, skrubbenever og grynfiltlav. Det er potensial for fleire krevjande og dels raudlista artar her.»

- Kleivlia (BN00018148) ligg lenger aust i området og er registrert som gamal fattig edellauvskog av svært viktig verdi. Den vert omtala slik i naturbase:

«Lokaliteten ligg inne i Todalen, i den sørvendte lia noko søraust for garden Ramsøya, under berghamrane til Romålihøgden. Den vert avgrensa av desse mot nordaust, mot fattigare skog i nord og dels sør. I nedkant (sørvest) er det dels grense mot granplantefelt, men i fyrste rekkje litt gradvis grense mot fattigare skog.

Lokaliteten har ein god del stabilisert, skogkledt rasmark med høgstaudevegetasjon (anslag 30%), men det også litt open ur og høgstaudeenger her (anslag 20%) og litt fattigare blokkmarkskog med storbregner, småbregner mv (anslag 40%). Berre små areal med lågurtskog (anslag vel 5%).

Alm (EN) er eit viktig treslag (20-25%), men stadvis er det også mykje gråor, bjørk, hegg, selje og dels rogn. I tillegg finst noko hassel, osp og furu (kanskje 10%). Feltsjiktet er frodig og stadvis er det ein del av varmekjære artar som kjempesvingel, skogfaks, sanikel, myske, junkerbregne og dels lodneperikum. I tillegg m.a. brunrot. Aune (2005) nemner også andre artar frå lia, som piggstorr, lerkespore og krattslirekne, og det kan godt vere at desse også veks her. Størst interesse knytter seg nok likevel til artar av sopp og lav på gamle og dels daude tre, særleg av alm. Det vart gjort fleire funn av krevjande slike artar i lia, særleg i parti lengst søraust og midtre og nordre delar, med både almelav (NT) (dels bra med denne), bleik kraterlav (VU), blådoggnål (VU), bleikdoggnål (NT), narrepiggsopp (NT), almekullsopp (NT) og skrukkeøre (NT). Også funn av artar som rustkjuke og skjelkjuke på daud alm. I tillegg kjem noko lungeneversamfunn på trea, særleg med lungenever, skrubbenever, kystvreng, vanleg blåfiltlav, grynfiltlav og vrenge-artar, men lokalt også sølvnever. Potensialet for fleire krevjande og raudlista artar knytt til gammal, rik lauvskog er ganske høgt.»

- Engjavadberget (BN00099350) er ein liten lokalitet sør for Kleivlia registrert som rik edellauvskog av viktig verdi. Den vert omtala slik i naturbase:

«Lokaliteten ligg inne i Todalen, i den sørvendte lia noko søraust for garden Ramsøya, rett i overkant av dyrka marka der. Der er avgrensa av ei lita granplanting i nord, kulturmarkspreng i vest og ein høg berghammar i aust, medan det er litt utydeleg grense mot færre viktige artar og element i sør.

Dette er for det meste ei stabilisert, skogkledt rasmark med høgstaudevegetasjon.

Gråor er helst vanlegaste treslag (ca 40%), men her veks det også bjørk, hassel, rogn (ca 10%) og litt almetre (EN) (ca 20%). Feltsjiktet inneheld typiske høgstaude som store bregner som ormetelg, stornesle, junkerbregne og skogstjerneblom. På ei grov alm vart almelav (NT) funne.»

- Romålia (BN00018141) ligg delvis innafor og delvis utafor tilbodsområdet heilt i aust. Lokaliteten er registrert som rik edellauvskog av viktig verdi. Den vert omtala slik i naturbase:

«Lokaliteten ligg litt inne i Todalen, i den sørvendte lia på vestsida av der Romådalen kjem ut i hovuddalføret. Det er dels innslag av bergvegger her, dels litt preg av skogkledt rasmark, men

også meir vanleg bratt skogsli. Lokaliteten grenser dels mot skogsveg i nedkant, mot bratte berghamrar i vest, mot granplantefelt i aust og meir gradvis mot fattigare skog i nord.

Det er nok mest svak lågurtskog her (anslag 70%), men særleg i sørvest også noko rik lågurskog (anslag 20%), samt lokalt innslag av noko fuktigare mark.

Boreale lauvtre som bjørk (mest), litt osp, rogn og selje samt furu, men det er også noko hassel og einskilde almetre (EN). Også ask (NT) finst så vidt (helst spreidd får gardsbruka nede i dalen, da arten ikkje verkar stadeigen i dalføret). Feltsjiktet er ikkje særleg rikt over det meste, men i sørvest veks fleire krevjande artar som sanikel, vårerteknapp, kjempesvingel, svarterteknapp, kransmynte, breiflangre, springfrø og skogfaks. I nordaustre delar vart det også funne vårmarihand og lodneperikum, medan myske er meir utbreidd. På gammal alm vart narrepiggsopp (NT), blådoggnål (VU), almelav (NT) og bleikdoggnål (NT) funne i nedre del, og på almelæger vart det gjort fleire funn av almekullsopp (NT). På gammal bjørk vart vinflekklav påvist. Elles var det litt lungenever-samfunn med vanlege artar som lungenever, skrubbenever, grynfiltrlav, kystårenever og vrenger på berg og dels lauvtre, samt at det på steinblokk og bergvegg i sørvestre del også vart funne meir kravfulle og sjeldsynte artar som sølvnever, rund porelav og olivenlav (NT) samt blyhinne-lav. Det er potensial for fleire krevjande og raudlista artar her, inkludert marklevande sopp i nedre delar.»

Høgbakkan

I naturbase er det registrert to lokalitetar med gamal fattig edellauvskog som ligg innafør tilbudsområdet. Her følgjer ein oversikt over dei kartlagde lokalitetane:

- Høgbakkan (BN00018178) ligg midt i den sørlege delen av området og er registrert som gamal fattig edellauvskog av svært viktig verdi. Den vert omtala slik i naturbase:

«Lokaliteten ligg litt inne i Todalen, i den sørvendte lia på austsida av der Romådalen kjem ut i hovuddalføret. Her er det ei bratt li med ein del varmekjær vegetasjon og avgrensa lokalitet omfattar indre delar av dette arealet. Det er fleire skrånstille, skogklede flåg her, der denne lokaliteten grenser mot bratte berghamre på austsida, berghamre i nord, dels granplantefelt i sør og fattigare skog i vest.

Det er for det meste høgstaudeprega vegetasjon i lia, men også nokot lågurtskog i parti. Sidan verdiane truleg er høgast knytt til gammal edellauvskog har dette vore førande for typen (sjølv om arealet med rik edellauvskog nok er større).

Boreale lauvtre som bjørk, rogn og en del selje er nok dominerande treslag, men det er også noko alm (EN) og dels hassel. I tillegg furu i kantsonane samt innslag av osp. Feltsjiktet er frodig, og fleire varmekjære artar finst, som skogfaks (ein del), myske, vårerteknapp, skogsvingel, humle og breiflangre, elles artar som trollbær, storklokke, kantkonvall, brunrot, bergfrue, turt, tyrihjel, stornelse, skogsvinerot og kvitsoleie. Av størst interesse er likevel mangfaldet av sopp og lav. På dei gamle almetrea veks fleire typiske krevjande skorpelav, som bleik kraterlav (VU), blådoggnål (VU) og almelav (NT). Også eit funn av rustdoggnål (NT). Elles artar som lungenever, skrubbenever, grynfiltrlav, vanleg blåfiltrlav og vrenge-artar registrert på m.a. lauvtre, samt olivenlav (NT) berre på berg ein stad og blyhinne-lav eit par stader. I tillegg kjem soppen narrepiggsopp (NT). På daud almeved veks almekullsopp (NT). Førekosten av markbuande sopp var ikkje spesielt god, men m.a. vart honningvokssopp og blånande rørsopp funne. Mest interessant var nok funnet av kanelandkjuke (VU) i rikt lågurtprega parti, ein krevjande markbuande kjukeart som tidlegare berre har vore registrert nokre få stader på Austlandet (arten er m.a.o. ny for fylket og Vestlandet), men som også vart

funne på same tur i naboskogen i aust. Under feltarbeidet i 1998 (Melby & Gaarder 2000) vart det også funne kjempesvingel og bleikdoggnål (NT) her. Det er stort potensial for fleire krevjande og raudlista artar her.»

- Høgbakkan aust (BN00099358) ligg heilt aust i den sørlege delen av området og er registrert som gamal fattig edellauvskog av svært viktig verdi. Den vert omtala slik i naturbase:

«Lokaliteten ligg litt inne i Todalen, i den sørvendte lia på austsida av der Romådalen kjem ut i hovuddalføret. Her er det ei bratt li med ein del varmekjær vegetasjon og avgrensa lokalitet omfattar indre delar av dette arealet. Det er fleire skråstilte, skogklede flåg her, der denne lokaliteten grenser mot bratte berghamre på austsida, fattigare furuskog ut mot nytt flåg i vest, meir uthogd og dels fattigare skog i nedkant og gradvis fattigare skog i berga på oversida. Det er mykje skogklede rasmark her. Berggrunnen er dominert av gneis og skal ikkje vere spesielt kalkrik, men nokre artsfunn peiker på at det likevel ikkje er så verst mark her.

Det er for det meste høgstaudeprega vegetasjon i lia, med litt overgang mot lågurtskog nokre stader. Sidan verdiane truleg er høgast knytt til gammal edellauvskog har dette vore førande for typen (sjølv om arealet med rik edellauvskog nok er større).

*Boreale lauvtre som bjørk, rogn og dels selje er nok dominerande treslag, men det er også noko alm (EN) og dels hassel. I tillegg furu i kantsonane. Feltsjiktet er frodig, og fleire varmekjære artar finst, som myske og lodneperikum, elles artar som stornesle, mjødukt og vendelrot. Av størst interesse er likevel mangfaldet av sopp og lav. På dei gamle almetrea vekst fleire typiske krevjande skorpelav, som *Gyalecta geoica*, blådoggnål (VU), almelav (NT) og kystdoggnål (NT). Elles artar som lungenever, skrubbenever, grynfilltav og vrenge-artar. I tillegg kjem soppen narrepiggsopp (NT). På naud almeved veks både almekullsopp (NT) og den sjeldsynte snyltaren på den - *Chlorostoma vestlandicum*. I tillegg skrukkeøyre (NT). Førekomsten av markbuande sopp var ikkje spesielt god, men to overraskande regionalt svært sjeldsynte artar vart påvist. Det eine var eit eksemplar av skaftjordstjerne (NT) under ei alm, ein kalkkrevjande art som berre så vidt er funnen før i fylket (Gartlia i Surnadalsfjorden). Den andre var kanelsandkjuke (VU) i rikt. lågurtprega parti, ein krevjande markbuande kjukeart som tidlegare berre har vore registrert nokre få stader på Austlandet (arten er m.a.o. ny for fylket og Vestlandet). Det er stort potensial for fleire krevjande og raudlista artar her.»*

Kunnskapsgrunnlaget viser at begge områda/området har kvalitetar for vern som naturreservat. Store delar av arealet består av rike og gamle edellauvskogar med innslag av alm og hassel i lågareliggande område. I tillegg finst noko furu. Artsmangfaldet er svært rikt, særleg knytt til lav i gammal almeskog. Førekomstane av ved- og markbuande sopp er også av stor interesse. Mangelanalyse av skogvernet gjort av Norsk institutt for naturforskning i 2016 viser at slik skog er underrepresentert i verneområda.

Det vil kunne bli behov for å fjerne noko gran og platanlønn i eit naturreservat. Dette er introduserte artar som er uønskte i området. Slik skjøtsel vil kunne gjennomførast innan ordinære budsjettammer.

Skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverkinga og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Hala er tilbode for friviljug vern av grunneigarane etter 1.februar 2022. Det blir difor omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet. Den fullstendige skogvurderinga ligg som vedlegg 2 i dette dokumentet. Når det gjeld betydning for skog- og trenæringa er det gjort to separate skogvurderingar av områda «Ramsøy Nord og Kleivlia» og «Høgbakkan». I skjema for avveging er områda sett samla under eitt.


Verne- og skogbruksinteressane er samanfatta i tråd med skogvernrutina (tabell 1). Området består av trua naturtypar i form av ulike variantar av edellaauvskogar og eit stort utval av raudlisteartar. Dette er skog som er underrepresentert i verneområda i fylket. Vern vil sikre området mot uheldig påverknad. Vern vil gi lite eller ingen påverknad for skognæringa. Volummessig vil ikkje vernet gi verknad på tømmertilgangen regionalt eller lokalt. Skogsdrift ville vere vanskeleg og dyrt.

Tabell 1 Området si betydning for skogvernet og for tømmertilgangen.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1	
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1	
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1	
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1	
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1	
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1	
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1	
				S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
				Har mindre	Kan få			Har		
				Betydning for tømmertilgangen						

Andre brukarinteresser

Området er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. Eit mindre område nordaust i Høgbakkan er registrert som konsesjonsområde for reindrift, meir bestemt som lågtliggende sommarbeite (figur 1). Statsforvaltaren vil i løpet av høyringsprosessen ta kontakt med Sametinget og reindriftnæringa for å avtale konsultasjon.



Figur 1. Delar av eit større område registrert som sommarbeite for reindrift (raud skravering) går inn i delar av foreslått verneområde (i den delen som er omtalt som Høgbakkan).

Sakshandsaming

Oppstartsmelding

Statsforvaltaren sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for etablering av naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 15.01.2024. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 05.02.2024.

Det har kome 8 innspel til oppstartsmeldinga. Møre og Romsdal fylkeskommune har ingen merknader.

Merknader til begge delområda

- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan ikkje så at det er energiinteresser

innafor nokre av områda. NVE ber likevel Statnett og områdekonsesjonær S-Nett AS om å kommentere verneforslaga med tanke på deira eksisterande og framtidige prosjekt, sjølv i tilfelle utan konflikt.

- Statnett viser til at deira anlegg og planar ikkje vil bli berørt, og har ingen merknader til vernet.
- S-nett AS kan ikkje sjå at planane er problematiske for straumnettet.

Merknader til Ramsøy nord og Kleivlia:

- Kartverket viser til at *Ramsøya* er vedtatt skrivemåte for gardsnamnet, og at Kleivlia er godkjent skrivemåte for lia, men at desse ikkje er dekkande for heile området. Kartverket viser til at det aller meste av verneområdet ligg på gnr. 139 *Hala*, og ber Statsforvaltaren vurdere å velje *Hala* som samlande namn på verneområdet.
- Språkrådet støttar Kartverket sin merknad.
- Direktoratet for mineralforvaltning har gjeve innspel på at det bør bli vurdert korleis vernet påverkar mogelegheita for å drive undersøking av mineralressursar og om det kan settast vilkår som gjer det mogleg å halde fram undersøkingsverksemda. Dersom Statsforvaltaren vurderer at vern og undersøkingsverksemd ikkje kan sameinast, bør det gjerast ei vurdering av vern opp mot undersøking og eventuelt uttak av førekomstane.

Merknader til Høgbakkan:

- Kartverket viser til at namnet *Høgbakkan* er godkjend skrivemåte, men at namnet er feilplassert på Kartverkets kart. *Høgbakkan* ligg nærare Romåa, utanfor verneområdet. Sentralt i verneområdet ligg *Seterlia* og *Aksla*. Kartverket meiner det er betre å bruke eitt eller begge av desse som namn på verneområdet.
- Språkrådet støttar Kartverket sin merknad.

Vurdering av innspela

Dei to tilboda ligg geografisk sett nære kvarandre, og Statsforvaltaren foreslår difor å tilrå dei to områda som eitt samla verneområde.

Statsforvaltaren støttar framlegget om å kalle heile området Hala naturreservat, sidan det meste av området ligg på gnr. 139 *Hala*.

Forvaltningsstyresmakt

Surnadal kommune skal gjennom høyringsprosessen gje tilbakemelding på om dei ønskjer å bli forvaltningsstyresmakt for nye verneområde i tråd med gjeldande politikk på området. Forvaltningsstyresmakta blir fastsett gjennom forskrifta når området blir vedteke verna.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegga på høyring.

Skogen blir taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til

forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet, som deretter vil førebu ho og legge fram eit framlegg om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl.res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren om grensegang og merking.

Framlegget til naturreservat går fram av vedlagt vernekart.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje i desember 2024.

Vedlegg 1: Forslag til forskrift

Forskrift om vern av Hala naturreservat, Surnadal kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit verdifulle skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Området representerer naturtypar med eit stort arts mangfald knytt til rike og gamle edellauvskogar. Skogen er velutvikla og inneheld fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Surnadal kommune: 138/1, 139/1, 2, 3, 4, 5.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 1362 dekar, fordelt på to delområde som ikkje heng saman. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet.

Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Surnadal kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein

- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- i. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk
- j. varsam rydding og vedlikehald av eksisterande stiar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- b. Utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode

§ 6 Generelle unntak frå ferdelsesreglane

Ferdelsesreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.

Ferdelsesreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyning
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvarets luftfartøy.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. ringbarking, hogst eller uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- h. gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade
- i. bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta
- j. øvingskøyning for formål nemnt i § 6 første ledd
- k. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav f og § 7 bokstav b, d, g og h

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltningsstyresmakta etter denne forskrifta.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2 Avveing av områders betydning for vern og betydning for tømmertilgangen

Områdenavn: Hala

Tabell 1 Nøkkeldata for området

Navn på område	Hala				
Totalt areal	1348	Produktivt skogareal	608	Totalt skogareal	1229
Fylke	Møre og Romsdal				
Kommune	Surnadal				
Eierform	Privat				

Formål

Avveiningen skal sikre at skogvernet bidrar effektivt til å oppfylle de nasjonale målene for naturmangfold, samtidig som vernet gjennomføres på en slik måte at det får minst mulig konsekvenser for skog- og trenæringen.

Betydning for skogvernet

Tabell 2 Oppsummering - verneforslaget sin betydning for skogvernet

Verbal oppsummering og vurdering			
• Sjå utgreiing, naturbase.no			
Verneverdi	A – svært viktig	Nær truede og truede naturtyper	Rik edellauvskog av typen rasmark- og ravine-almeskog, rik edellauvskog av typen lågurt-hasselkratt, gamal fattig edellauvskog av typen gamal almeskog.
Mangelinndekning	Høg	Restaureringspotensial for truet natur.	Kort sikt (0-20 år), Fjerning av introdusert gran og platanlønn
Betydning for økologisk nettverk	Stor	Kan manglene dekkes annet sted, med mindre skogbruksmessig betydning	Nei
Nær truede og truede arter	8 - NT, 3 - VU, 3 - EN		
Konklusjon		Har betydning	
Områdets betydning for å nå måla med skogvernet:			
• Eit område med fleire typar edellauvskog med stort tilfang av raudlisteartar.			
Konsekvens dersom området ikkje blir verna:			
• Området vil kunne bli tilgjengeleg for ulike tekniske inngrep. Ein mistar heimelen til å fjerne spreidde framande artar og introduserte artar som gran.			

Betydning for skog- og trenæringen

Tabell 3 Oppsummering – verneforslaget sin betydning for skog- og trenæringen.

Verbal oppsummering og vurdering:		
<ul style="list-style-type: none">• Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt• Skogproduksjon• Driftsforhold• Infrastruktur		
Tømmertilgang - Tallmessig beskrivelse	Areal	Kubikkmasse
Gruppe S1-S3 Har betydning		
Gruppe S4-S6 Kan få betydning	50	1000
Gruppe S7 Har mindre betydning	558	10 145
Verbal beskrivelse: Ramsøy Nord og Kleivlia: Området går frå dyrka mark og opp i blokkmark/ras/fjell. Halve arealet er ikkje definert som produktiv skog. Området er svært bratt og store deler er terrassert, noko som vanskeleggjer økonomisk betinga drift av skog. Det er lite driftsveggar i vest og nord, men i sør er det tydelege spor av drift rett utom verneforslaget. Ein pigg vestover i sørlege delen tar med nokre av dei betre tilgjengelege driftsområda, men det er framleis å betrakte som tungt og vanskeleg driftsområde. Men nok til at vi sett 50 daa som til kategori B «kan få betydning» då det ligg tett til eksisterande driftstiltak. Prisauke på tømmer i framtida kan redusere nullområda. Volummessig vil ikkje vernet gi verknad på tømmertilgangen regionalt eller lokalt. Høgbakkan: Lite eller ingen påverknad for skognæringa, då nyttbart tømmer i lia stort sett er drive ut. Terreng og avstand bandlegg dei andre areala pr no. Mykje lauv som ikkje har marknad i dag, men som og krev investeringar for å vere drivbare, gjer store delar av lia å regne som uaktuell for skogsdrift. Nokre mellombelse vegar i nerkant av lia, men terreng avgrensar mykje av lia med terrassering og bratte hamrar, samt naturtyperegistrering som ligg nedst i planlagd verneområde.		

Områdets betydning for skogvernet og for skog- og trenæringen

Tabell 4 Områdets betydning for skogvernet og for tømmertilgangen.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
			Betydning for tømmertilgangen						

Avveining

Tabell 5 Avveining mellom hensynet til skogvern og hensynet til skog- og trenæringen

Konklusjon	
Vern gis prioritet	Ja
Arealreduksjon	Nei
<p>Området består av trua naturtypar i form av ulike variantar av edellauvskogar og eit stort utval av raudlisteartar. Dette er skog som er underrepresentert i verneområda i fylket. Vern vil sikre området mot uheldig påverknad. Vern vil gi lite eller ingen påverknad for skognæringa. Volummessig vil ikkje vernet gi verknad på tømmertilgangen regionalt eller lokalt. Skogsdrift ville vere vanskeleg og dyrt.</p>	

Skogvurdering Ramsøy Nord og Kleivlia

Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Surnadal
Område	Ramsøy nord og Kleivalia
Gnr/Bnr	138/1 og 139/1,2,3,4,5

Tømmertilgang (arealer, kubikkmasse, infrastruktur, foredling) som påvirkes

Skogvern, tømmertilgang og avvirkning i aktuell fylke/kommune	Kommune		Fylke	
	Areal	Kubikkmasse	Areal	Kubikkmasse
Foreslått skogvern produktivt skogareal	313	6040		
Foreslått skogvern totalt skogareal	713	8040		
Foreslått skogvern totalt areal	799	xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Eksisterende skogvern produktivt skogareal	7209		53855	
Eksisterende skogvern totalt skogareal	12330		105320	
Eksisterende skogvern totalt areal		xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Gjennomsnittlig avvirkning siste 5 år		47 240		271 481
Stående volum og produktivt skogareal	281 781		2 826 463	
Stående volum og totalt skogareal	457 745		4 460 244	

Kommentar til hvordan tømmertilgangen påvirkes:

Volumene fordeler seg i stor grad på lauv og furu i særs bratt terreng. Lia er ujamn med store slepper, som gjør den også vanskelig drivbar med taubane. Arrondering av figuren har utelatt de fleste granfelt, og arelaene nederst i lia.

Tømmertilgangen påvirkes i svært liten grad, om noen.

Kilde til data: Kilden/skograpport(SR16), skogbruksplan, ØKS, Arealressurstatistikk NIBIO

Tilbudt/vurdert område

Arealer fordelt på produksjonsevne (AR5)					
Høg bon. (26-17)	Middels bon. (14-11)	Låg bon. (8-6)	Totalt produktivt areal	Totalt skogareal	Totalt areal
75	236	2	313	713	799

Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes:

Bonitering kommer fra skogbruksplan. Relativt mye ligger som uproduktiv skog. Om lag halve feltet ligger som uproduktivt areal. Opp mot fjell, utilgjengelige bratte ras-areal. Drivbare tilplantede areal er tatt ut av verneforslaget, og feltet har liten påvirkning på annet produktivt areal. Deler av arealet i sør er det gjort inngrep som kan utløse noe volum, men grenser helt inn på eksisterende Naturtype, og vil være vanskelig drivbart.

Kilde til data: Skogbruksplan

Treslag, areal og kubikkmasse						
	Hkl. I-III		Hkl IV-V		Sum	
	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse
Grandominert						
Furudominert			94	2350		
Lauvdominert			219	3690		
SUM			313	6040		
Heravnøkkelbiotoper						
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Lauv og furu utgjør volumet, i særdeles krevende terreng. Det går ikke kjente driftsveier i lia, og det er ikke synlige spor av skogsdrift innafor verneforslagsgrensa. Noe driftsløsninger i Sør, men i dag går disse ikke inn i verneområdet.</p> <p><i>Kilde til data: Kilden/skograpport</i></p>						
Driftsforhold			Gruppering	Produktivt skogareal	Kubikkmasse	
Aktuelt driftsutstyr/maskiner			Hjul-/beltegående	50	1000	
			Taubane, lekter m.m	263	5040	
Transportavstand til leveringsplass/bilveiskant på hogsttidspunktet			<1500 m	313	6040	
			1500-2500 m			
			>2500 m			
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Det ligger noe areal, rett over verneforslagsgrense som kan løses ut ved vegbygging, men det vil ikke være regningssvarende med entreprenørdrift, og kan derfor vanskelig regnes med positiv rotnetto, da dette er fur og lauv.</p> <p><i>Kilde til data: Kilden</i></p>						
Infrastruktur					Kubikkmasse	
Bortfall av kubikkmasse til skogsbilvei					4000	
Bortfall av kubikkmasse til togterminal						
Bortfall av kubikkmasse til tømmerkai					6040	
<p>Kommentarer til hvordan eksisterende, planlagte og mulige nye investeringer påvirkes</p> <p><i>Kilde til data: Kilden/skograpport</i></p>						

Oppsummering

Verbal beskrivelse:

- Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt
- Skogproduksjon
- Driftsforhold
- Infrastruktur

Storparten av arealet er bratt med dels steinur. Området i sør er nok mest interessant for skogbruket. Her er det vegar, og har vore skogbruksaktivitet inntil foreslått verna område dei siste åra. Foreslått verna område går ut i ein spiss på eine teigen i sørvest, noko som er ei lite tenleg for både vern og skogbruk.

Tømmertilgang - tallmessig beskrivelse:	Areal	Kubikkmasse
A Har betydning		
B Kan få betydning	50	1000
C Har mindre betydning	263	5040

Verbal beskrivelse:

- Oppsummering og vurdering i forhold til konsekvenser for avvirkningen, konsekvenser for skog- og trenæringen lokalt og regionalt.

Området går fra dyrka mark og opp i blokkmark/ras/fjell. Halve arealet er ikkje definert som produktiv skog. Området er meget bratt og store deler er terrasert, noko som vanskeleggjer økonomisk betinga drift av skog. Det er lite driftsvegar i vest og nord, men i sør er det tydelege spor av drift rett utom verneforslaget. Ein pigg vestover i sørlige delen tar med nokre av dei betre tilgjengelege driftsområda, men det er famleis å betrakte som tungt og vanskeleg driftsområde. Men nok til at vi sett 50 daa som til kategori B «kan få betydning» da det ligg tett til eksisterande driftstiltak.

Volummessig vil ikkje vernet gi verknad på tømmertilgangen regionalt eller lokalt.

Skogvurdering Høgbakkan

Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Surnadal
Område	Høgbakkan
Gnr/Bnr	139/1,2,3,4 og 5

Tømmertilgang (arealer, kubikkmasse, infrastruktur, foredling) som påvirkes

Skogvern, tømmertilgang og avvirkning i aktuell fylke/kommune	Kommune		Fylke	
	Areal	Kubikkmasse	Areal	Kubikkmasse
Foreslått skogvern produktivt skogareal	295	5 105		
Foreslått skogvern totalt skogareal	516	6 210		
Foreslått skogvern totalt areal	561	xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Eksisterende skogvern produktivt skogareal				
Eksisterende skogvern totalt skogareal				
Eksisterende skogvern totalt areal		xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Gjennomsnittlig avvirkning siste 5 år		47 240		271 481
Stående volum og produktivt skogareal	281 781		2 826 463	
Stående volum og totalt skogareal	457 745		4 460 244	

Kommentar til hvordan tømmertilgangen påvirkes

Stående m3 er stort sett lauv, som det pr i dag ikkje er gode marknadssystem utanom ved, for i dag. I vestre del av feltet ligg det ein naturtype, der det er hogd skog inntil denne der terrenget tillet. Terrassering gjer store delar av terrenget svært krevjande frå vest/nedanfrå. På naboteig (vest og nord) ligg det ein veg som går opp og kunne vere nytta som driftsveg, men det vil medføre store investeringar å krysse elv for å komme til lauvareala i toppen av det planlagde verneområdet. Det er difor ikkje realisme i skogsdrift å nytte eksisterande infrastruktur. Areala grensar opp mot noko lauv og fjellskog og endar i snaufjell, og ligg difor ikkje til hinder for anna drift.

Kilde til data: Kilden/skograpport, ØKS, Arealressurstatistikk NIBIO

Tilbudt/vurdert område

Arealer fordelt på produksjonsevne (AR5)					
Høg bon. (26-17)	Middels bon. (14-11)	Låg bon. (8-6)	Totalt produktivt areal	Totalt skogareal	Totalt areal
64	231		295	516	561

Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes

Eit vern vil ikkje ha innvirkning på anna areal, da det grensar mot avvirka areal, elv og fjell. Store delar av areala er lauv.

Kilde til data: Skogbruksplan, Kilden/skograpport

Treslag, areal og kubikkmasse						
	Hkl. I-III		Hkl IV-V		Sum	
	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse
Grandominert						
Furudominert			60	1200		
Lauvdominert			235	3905		
SUM			295	5105		
Heravnøkkelbiotoper			9	160		
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Furu i terrasert vanskeleg drivbart terreng nede i lia, ellers lauv/edellauv. Noko fjellskog/lauv på toppen men lang køyring, eller for store investeringer far at noko slikt vil lønne seg med dagens driftsapparat.</p> <p><i>Kilde til data: Kilden/skograpport</i></p>						
Driftsforhold			Gruppering	Produktivt skogareal	Kubikkmasse	
Aktuelt driftsutstyr/maskiner			Hjul-/beltegående	100	2000	
			Taubane, lekter m.m	195	3105	
Transportavstand til leveringsplass/bilveiskant på hogsttidspunktet			<1500 m	295	5105	
			1500-2500 m			
			>2500 m			
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Terrasering gir utfordringar for å komme til areala lavt i lia. Stort sett drive det som kan nås tak i. Mogleg å drive areal på toppen maskinelt, men lite volum, dyr drift og lang køyring gjer at dette er lite aktuelt.</p> <p>Taubane for Furu er tungt å forsvare økonomisk i dag, lange strekk, små volum pr daa, men ved eit endra prisbilete kan den situasjonen endre seg.</p>						
Infrastruktur					Kubikkmasse	
Bortfall av kubikkmasse til skogsbilvei						
Bortfall av kubikkmasse til togterminal						
Bortfall av kubikkmasse til tømmerkai					5105	
<p>Kommentarer til hvordan eksisterende, planlagte og mulige nye investeringer påvirkes</p> <p>Ingen infrastruktur som kan borge for økonomisk nytting av virke slik situasjonen er i dag.</p>						

Oppsummering

Lite eller ingen påverknad for skognæringa. Da nyttbart tømmer i lia stort sett er drivi ut, terreng og avstand bandlegg dei andre areala pr nå. Mykje lauv som ikkje har marknad i dag, men som og krev investeringar for å vere drivbare, gjer store delar av lia å regne som lite aktuell for skogsdrift. Nokre midlertidige vegar i nerkant av lia, men terreng avgrensar mykje av lia, samt naturtyperegistrering som ligg nedst i planlagd verneområde.

Tømmertilgang - tallmessig beskrivelse:	Areal	Kubikkmasse
A Har betydning		
B Kan få betydning		
C Har mindre betydning	295	5105